



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Gunnar Brottveit

Ingunn Uppstad

Elisabeth Spockeli

Karianne Åkre

Lise Fosså

Styremøte i Valle IL 13.juni, 2016

1) Referatsaker

- Oppdatering av Brønnøysund –

Anne Liv treng personnr. til alle slik at ho får sendt inn endring av styret.

- Klubbklede-status

Tilbakemelding til trimtex at kleda er små i storleiken.

«Klubbkledebyttedag», 29. august. Spørje Hege eller Magnhild. Me håper at dette skal vere ei årleg hendels som vil finne sted i byrjinga på skuleåret. Nettbutikken opnar etter dette.

2) Gjennomgang av økonomien

Gunnar har orientert.

3) Timeplan for neste år

- Møykjeromet

Det er avtala at Møykjeroms-gruppa skal finne aktivitetar og trenarar.

Anne Liv spør Caroline Rysstad eller Øyvind Olsen, Hege Silje Jansen om å vere ansvarleg for møykjeromet. Det er avtalt eit samarbeid med Folkehøgskulen om styrketrening for ungdomsskulen

• Fotballgruppa

Dei skal ha møte etter konfirmasjonane, men ser ut som det blir rimeleg lik timeplan i år som i fjor.

Fotballtrening er pr. dags dato 2 gonger i veka. Ein vil prøve å bruke den eine gongen til ei anna form for trening (både for gutar og jentar), slik at fotballtrenarane får litt fri.

• Skigruppa

Det er spurt om å kome med ønskje til tid.

• Friidrettsgruppa

Dei har kome med ønskje på e-post

• Symjing for 5-åringar

Det er avtalt med Sigbjørg (men ein må få med fleire)

Valle IL har saman med barnehagane søkt og fått tilskot på kr 30.000,- til symjeopplæring i barnehagane på dagtid. Dersom ein kan supplere dette gjennom idrettslaget, vil ein sikre god opplæring av 5-åringane.

• Barneidrett – kva gjer vi?

Ungdommen tek seg av dette tilbodet. Verker som det er fleire som kunne tenkt seg. Ide: 1 time til å forberede seg, ein time til å drive barneidrett. Det vert sett ei fast tid til barneidretten, Anne Liv talar med Sigbjørg. Karianne er med for å lage eit greitt opplegg.

• Forslag til andre aktivitetar:

- Turn.
- Karate.
- Sykling (Lise legg ut spørsmål om interesse om fast sykledag på facebookside til sykkel sete støl.)
- Badminton.

Valle IL har moglegheit for å arrangere kurs dersom det er ynskje om det.

4) Fullmakt til styreleiar til å disponere 10.000,-

• Ein føreslår å gi styreleiar fullmakt til å disponere 10.000,- utan styrebehandling. Styreleiar skal orientere styret på neste styremøte.

Styreleiar orienterte om saka. Styret er einige at styreleiar får fullmakt til disponering.

5) Reklameskilt til hallen og bannarar

- Betre profilering av sponsorane både i hallen og på arrangement. Ein ansvarleg til å fikse dette i løpet av sommaren?

Det er behov for nye reklameskilt, flagg, roll up osv.

Anne Liv kontaktar Tor Moseid.

6) Byggegruppe – Klubbhus

- Vi må sette ned ei byggegruppe, som kan arbeide.

Desse vart foreslått som aktuelle: Anne Liv Lidtveit, Dreng Brokke, Lise Fosså. Anne Grete Lio for detaljar.

7) Bispeveg marsjen 13. august

- Anne Liv er ansvarlig og orienterer.

Buss er bestilt, det er laga ein «event» på facebook. Anne Liv ordnar med ein person som kan vere med å hjelpe til.

8) Eventuelt

Det vert gjeve midler til å lage kart til tur-orientering, greitt med beløp inntil 10 000. Det har kome spørsmål om bruk av møykjerommet om sommaren. Skuleelever betalar 500 kroner for eit år, dei må vere medlem av idrettslaget. Anne Liv avklarar om ein får lov til å bruke møykjerommet om sommaren med kommunen.

Det er ynskje om meir aktivitet på heimesida, ein vil forsøke å koble opp mot facebook-side om mogleg.

Idrettslaget vil prøve å få til klatreaktivitet etterkvart.

Dato for sprekleiken vert sett til 29.10.2016.

Anne Liv informerer om min idrett på foreldremøte.

Neste møtedato vert sett til torsdag 18.08.2016.

- Møtet slutt-

Lise Fosså - sekretær